



Plan- og bygningsetaten
Postboks 7700
5020 BERGEN

Vår referanse: 2022/56754-66
Saksbehandler: Marie Mildestveit
Dato: 1. juli 2024
Deres ref.: PLAN-2022/20660-62

Ber om tilleggsnotat - Årstad, Gnr. 159, Bnr. 943 m.fl., Mindemyren Nord (arealplan-ID 70520000) - Sluttbehandling

Byrådsavdeling for byutvikling viser til oversending av fagnotat datert 04.06.2024 i saka nemnd over. Før saka kan fremjast for politisk behandling er det behov for fleire opplysningar/vurderingar.

Parkering

Det går fram av fagnotatet at planforslaget ikkje legg opp til parkering i planområdet, sett bort frå fire HC-plassar og høve for varelevering og av- og påstiging. Med tilvising til parkeringsnotat utarbeidd av Plan- og bygningsetaten 09.11.2021 er det tenkt at all parkering skal løysast i delfelt S14 i gjeldande områderegulering. Forslag til detaljregulering for delfelt S14 har vore til høyring og offentleg ettersyn, og det ligg føre motsegn frå Statens vegvesen knytt til parkeringsdekning. Parkering er derfor på noverande tidspunkt ikkje sikra i denne planen når planforslaget for Mindemyren nord no skal fremjast for sluttbehandling. Byrådsavdelinga ser behov for fleire opplysningar om kva for vurderingar som er gjort knytt til dette, særleg opp mot behovet for noko parkering knytt til dei ulike føremåla som omsorgsbustader, tilsette i fleirbruksbygget, næringsføremål og bustader.

Naturmangfald

Fagnotatet manglar tilstrekkeleg vurdering og grunngjeving av planforslaget sine konsekvensar for naturmangfald etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, jf. § 7. Det er utarbeidd naturmangfaldrapport og vist kort til vurderingane som er gjort, men det må gjerast ei systematisk vurdering slik naturmangfaldlova § 7 krev.

Overgangsfelt

Etter at saka blei sendt frå Plan- og bygningsetaten til Byrådsavdeling for byutvikling har PBE vist til at det er behov for å sikre rekkefølgekrav knytt til etablering av overgangsfelt ved infrastrukturen mot planområdet til S14. Byrådsavdelinga ber om at Plan- og bygningsetaten gjer greie for vurderingane knytt til dette og korleis det eventuelt kan sikrast i reguleringsplanen.

Vi ber om å få oversendt eit tilleggsnotat med opplysningane nemnd over så snart som råd og **seinast innan 23.08.2024.**

Med helsing
BBU - kommunaldirektørens stab

May Britt Hernes – Fungerende Kommunaldirektør
Marie Mildestveit - Rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til: PBE Byplan Offentlige planer (Arbeidssted) - Halla Saad Alzubaydi, PBE Byplan
Offentlige planer (Arbeidssted) - Aslaug Aalen